



Notat

Dato: 14.11.2014
Arkivsak: 2014/23401-1
Saksbehandlar: jannor

Til: Hanne Kathrin Vie

Frå: Jan Nordø

Administrativ fråsegn til kommuneplan for Voss, samfunnsdelen

Med utgangspunkt i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 har klima- og naturressursseksjonen følgjande kommentarar til samfunnsdelen av kommuneplanen:

Kap. 2: Ytre planføresetnader

Det er positivt at planen på generell basis problematiserer dei store miljøutfordringane verda står overfor («Ny dagsorden for det 21. århundre») og at dette har lokal relevans.

Det er også bra at planen legg vekt på regionale planar og retningslinjer og at Klimaplan for Hordaland, Fylkedelplan for små vasskraftverk og FylkesROS vert framheva. Her må planperioden for dokumenta korrigerast.

Også naturvern får ein sentral plass i dokumentet. Det er viktig at planen ser klimapolitikk og naturmangfald i samheng og at det fordrar prioriteringar, t.d. i forhold til kraftutbygging.

Kap. 6: Overordna mål

Det overordna målet om eit «sterkt og attraktivt regionsenter» på Voss er i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt overordna mål for arealbruk og klimaplanen sine strategiar for klimavenleg utbyggingsmønster; meir gange, sykkel og kollektivtransport; mindre biltrafikk og overgang til transportmidlar med lågare og null utslepp. Kommuneplanen sine tilsvarande strategiar er «regionsenter med sentrumsutvikling» og ei moderne og konkurransedyktig Bergensbane. Saman med strategiar for berekraftig utvikling og folkehelse og sikrings- og beredskapsarbeid, plasserer kommuneplanen seg godt innanfor rammene av klimaplanen, som også har klimatilpassing som eit overordna mål.

Vi vil peika på at klimaplanen både for arealbruk og transport og tilpassing til klimaendringar har vedteke førande retningslinjer for planlegging i kommunane. Dei skal leggjast til grunn for kommuneplanen og bør i størst mogleg grad innarbeidast der.

For arealbruk og transport har klimaplanen slike retningslinjer:

Retningslinjer for planlegging

1. Kommuneplanen skal fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.
2. Bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokaliserast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnettet.
3. I Bergensområdet skal bustadområde og arbeidsplassintensive næringsområde lokaliserast i tilknytning til kollektivnettet.
4. Fortetting skal vektleggjast framfor nye spreidde bustadareal. Ledig kapasitet i eksisterande byggjeområde skal vurderast opp mot behovet for nye bustader. Fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal.
5. Jordressursar er karbonlager og skal takast vare på, med lågast moglege utslepp av klimagassar.
6. Kommunal planlegging skal sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målpunkt som skule, senter og bustadområde.
7. I sentrumsområde skal det leggjast til rette for attraktive gangaksar mellom viktige målpunkt.
8. I Bergensområdet skal grøntstrukturar og friluftsområde vera tilrettelagt med gang- og sykkelveggar.
9. Kommunal planlegging skal leggje til rette for fornybar lokal energibruk.

Retningslinjene skal leggast til grunn for regional og kommunal planlegging. Framlegg til planar i strid med retningslinjene gjev grunnlag for motsegn frå regional planmynde (sjå faktaboks om regionale planføresegner i kapittel 1).

For tilpassing til klimaendringar har klimaplanen slike retningslinjer:

Retningslinjer for tilpassing til klimaendringar

1. Klimaendringar må inngå som vurderingstema ved rullering av kommunal og regional planstrategi.
2. Tilpassing til klimaendringar må vurderast både i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Kommunane skal analysere sårbarheita i kommunen og sette i verk tiltak som bidreg til å gjere kommunen meir førebudd på framtidens klima.
3. Kommunen bør i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemdsområde for flaum og skred.
4. Planlegging av kystnære område må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo.
5. Planlegging skal sikre handtering av overvatn, og dimensjonere avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør.

Retningslinjene skal leggast til grunn for regional og kommunal planlegging. Framlegg til planar i strid med retningslinjene gjev grunnlag for motsegn frå regional planmynde (sjå faktaboks om regionale planføresegner i kapittel 1).

Kap. 8: Miljøvern og berekraftig utvikling

Det er positivt og viktig at kommuneplanen har *naturforvaltning, friluftsliv og kulturminnevern* som prioriterte tema der ein legg vekt på områdevern og forvaltning av vassdrag, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Særleg bra er det at kommunen i handlingsprogrammet legg vekt på beredskap for å sikra laksestamma i Vossavassdraget.

Når det gjeld *ureining*, er det positivt at ein i handlingsprogrammet prioriterer å leggja om den kommunale bilparken til el-bilar. Om kommunen i tillegg klarar å leggja til rette for meir el-bilbruk generelt, t.d. gjennom fleire ladepunkt, kan det bidra til å redusera luftureininga på Vossevangen. Her vil vi m.a. peika på dei støtteordningane som er oppretta gjennom fylkeskommunen og som kommunane kan søkja på.

Under måla om *klima og energi* vil kommunen følgja opp dei nasjonale klimamåla og driva aktiv klimatilpassing. Med den siste tids hendingar med flaum og ras friskt i minne, der Voss vart særleg hardt råka, er måla lite konkrete og er heller ikkje utmeisla i handlingsprogrammet. Hordaland fylkeskommune meiner at klimatilpassing med førebyggjande tiltak må få ein mykje tydelegare plass i planen. Her vil vi m.a. peika på fylkeskommunen og Universitetet i Bergen sitt pilotprosjekt Hordaklim. Prosjektet tek sikte på å nedskalera klimadata til bruk i den kommunale planlegginga av klimatilpassing. Om naudsynt finansiering kjem på plass, vil piloten starta opp i januar 2015. Kommunane vil bli inviterte inn i prosjektet.

Når det gjeld energi, er det positivt at det er mål om ENØK og satsing på fornybare energikjelder. Særleg spennande er satstinga i handlingsprogrammet på bioenergi, som Voss allereie er godt i gang med. Også vasskraft gjev viktige tilskot så lenge ein tek omsyn til landskap, biologisk mangfald, fisk og friluftsliv. For ein byliknande tettstad som Voss er det og mykje å henta på tilrettelegging for sykkel slik kommunen sin klimaplan legg opp til. I det heile er det viktig å følgja opp klima- og energiplanen aktivt både gjennom revisjon og innarbeiding i andre kommunale planar. Her viser vi m.a. til punktet om tilrettelegging for el-bilar over. Både i Voss sentrum, men kanskje endå meir i utkantstrok med dårleg offentleg transporttilbod, vil el-bilen vera eit miljøvenleg og godt alternativ så lenge infrastrukturen med tilstrekkelege ladestasjonar er på plass.

Kap. 11.2: Landbruk

Plandokumentet nemner matproduksjon, kulturlandskap, jordvern, skogbruk, miljø og klimatilpassing som utfordringar kommunen må arbeida med. At jordvernet vert framheva og skal stå sterkt, er særleg positivt. Jordvern sikrar kortreist mat og karbon blir lagra. Så lenge ein tek vare på viktige myrområde og skog, kan det også vera god klimatilpassing.

Kap. 13: Samferdsle

Planen har mål om eit heilskapleg transportsystem, redusert lokalt transportbehov, eit betre gang- og sykkelvegnett og eit funksjonelt og utvida kollektivtilbod. For å få dette til har planen m.a. mål om nytt kollektivknutepunkt ved Voss stasjon, samlokalisering av bustader, arbeidsplassar og servicetilbod, fleire bussavgangar og vidareutvikling av Bergensbana med reistid til Bergen på 40 min. og frå Bergen til Oslo på 4 timar. Dessutan er det mål om ein ny og meir restriktiv parkeringspolitikk, sykkelparkering i sentrum og gågate og tilrettelegging av ladestasjonar også utanfor Voss sentrum.

Dei ulike måla er i stor grad i samsvar med Klimaplan for Hordaland sine mål for areal og transport, t.d. satsing på Bergensbana og «tilrettelegging for låg- og nullutsleppsilar» i «delar av fylket utan god kollektivdekning».

Når kommuneplanen legg til rette for fleire parkeringsplassar i utkantane av sentrum og nytt parkeringshus i sentrum, meiner vi Klimaplan for Hordaland sin strategi om at «parkeringsanlegg ved alle bustadområde og næringsbygg skal ha normallading for elbilar» burde vore innarbeidd i målet. Alle større parkeringsanlegg bør ha ladepunkt.

Upprioriterte tiltak

I vedlegget nemner planframlegget fleire uprioriterte tiltak som fordi dei er gode klimatiltak, gjerne kunne vore prioriterte inn i planen. Det gjeld m.a. miljøsertifisering av heile kommuneorganisasjonen innan 2015, stimulering til bygging av vasskraftverk der det ikkje kolliderer med naturvern, auka produksjon og bruk av bioenergi i kommunen, målet om at minst 15 % av landbruket bør vera økologisk innan 2020 og auka satsing på ROS. Flaumhendingane i haust og meir ekstremvær generelt, syner at klimatilpassing bør prioriterast høgt, ikkje minst ROS.

Oppsummering

Planframlegget presenterer grundig og systematisk viktige mål og tiltak for å få ned klimagassutsleppa i kommunen og står fram som eit godt og føremålstenleg klimadokument. Framlegget er i stor grad i samsvar med mål, strategiar og retningslinjer i Klimaplan for Hordaland 2014-2030. I sær er det grunn til å framheva den tydelege satsinga på klimavenleg sentrumsutvikling og klimavenleg transport. På den andre sida bør klimatilpassing få ein tydelegare plass i planen slik det er lagt opp til i retningslinjene i Klimaplan for Hordaland.